# amanslåing




*Kvar går vegen? Ordførar Olav Kasland er i utgangspunktet positiv til kommunesamanslåing, men han vil ikkje seie kvar grensene for ein større kommune bør gå, om han meiner heile eller deler av Midt-Telemark er stort nok.*

**fakta:**

## Debatten går om kommunestruktur

I det siste har debatten om kommunesamanslåing kome opp fleire plassar. Varden har hatt ei større sak om Grenland der mange politikarar vil slå saman kommunar, men er ueinige i kven som skal slåast saman.

I Telen har debatten om kor vidt Hjuksebø bør flytte til Notodden kome opp. I Nome tok SV opp «Bø-paragrafen» i midt-telemarksamarbeidet då samarbeidsavtalane nyleg vart behandla i kommunestyret. Paragrafen seier at Bø skal prioriterast når det gjeld statlege verksemder. På leiarplass skriv Kanalen etter møtet at det ikkje vart noko prinsipiell debatt trass i at fleire politikarar har sagt til redaktøren at dei meiner samarbeidet bør diskuterast. Redaktøren skriv at midt-telemarksamarbeidet, som vart oppretta for å hindre kommunesamanslåing, i realiteten teikna framtidas kommunegrenser.

Redaktør Tor Espen Simonsen spør vidare kva konsekvensar det får for Nome om ein får ein gigantkommune utanfor stovedøra. Og kva det gjer med Grenlands mentale avstand til Nome. Blir den lenger når ein veit at Nome er ein del av Midt-Telemark?

